



Liv Janne Drange  
Hopsdalsvegen 77  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1228 - 18/20538

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2018

## Bekymringsmelding knytta til avrenning frå hestegjødsel på gbnr 193/2 Mundal Øvre - bed om uttale

Landbrukskontoret har siste tida motteke bekymringsmelding knytta til lagring av hestegjødsel på gbnr 193/2 Mundal Øvre. Bakgrunn for bekymring er at hestegjødsel vert lagra i nedslagsfeltet til drikkevasskjelder lengre nede i dalen.

Kommunen er miljømyndighet og har ansvar for oppfølging av Forureiningslova og Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav. På bakgrunn av det bed me om ei skriftleg tilbakemelding frå dykk på rutinar for lagring og spreiring av hestegjødsel på garden. **Bed om ei tilbakemelding innan 16.juli 2018.**

Minner samstundes om at hesdyrgjødsel med eit tørstoffinnhald over 25 % kan mellomlagrast rett på bakken, men skal sikrast mot overflatevatn. Det er vidare ikkje tillatt å lagre hestegjødsel, med eller utan strø, permanent som deponi. Massen skal spreiest på godkjent spreieareal som er fulldyrka og overflatedyrka jord. Det er krav om 2 dekar spreieareal pr vaksen hest pr år jfr Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav. For ytterlegare informasjon sjå vedlagt informasjonsskriv frå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Vedlegg:**

Informasjonsskriv frå Fylkesmannen 2015- regelverk knytta til handtering av hestegjødsel

**Mottakarar:**

Liv Janne Drange

Hopsdalsvegen 77 5915

HJELMÅS